



Region Vest Statens vegvesen
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/632 - 19/9628

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:
21.03.2019

Søknad - vedtak om særskilt fartsgrense 30 km/t for kommunal veg Lonsvegen med private og kommunale sidevegar

Lindås kommune ynskjer å vedta særskilt fartsgrense 30 km/t for kommunal veg Lonsvegen og private stikkvegar.

Lonsvegen og Juvikstølen er kommunale vegar, men dei har direkte avkøyring mot private vegar som vil bli ein del av vedtak om sone og fartsgrense 30km/t. I samsvar med regelverket må difor Lindås kommune ha Statens vegvesen si godkjenning om vedtak.

I fyrste omgang var det tenkt ei fartsgrense på 40km/t gjennom Lonsvegen/Juvikstølen mellom E39 og FV57. Det vart godkjent ein skiltplan for dette tidlig i 2018. Det me ikkje tok omsyn til den gong var at Juvikstølen, forbi ungdomskulen og gymnaset, er midt i eit skuleområde kor det og kryssar mange born på veg til barneskulen i Knarvik.

I mai 2019 opnar den nye barneskulen i Knarvik, noko som fører til at også den delen av Lonsvegen som endar i E39 vil vere skuleveg. Mange born vil måtte krysse Lonsvegen for å komme frå undergangen på E39 over til gangvegen i Lonsvegen.

Det er lagt opp til fleire tiltak som vil lose borna mot undergangane i utkanten av sentrum då E39 og nærliggande sentrumsområder vil vere byggeplassar i åra framover.

Det har vore eit sterkt politisk press med bakgrunn i at FAU har sendt krav om sikring langs E39 og 30 km/t på vegane inn mot den nye skulen ved kryssingspunkta til borna.

Det er difor eit sterkt ynskje frå kommune si side om å setje 30km/t gjennom heile Lonsvegen/Juvikstølen. Til samanlikning har alle kommunale vegar i Knarvik sentrum 30km/t.

I november 2018 kom dei nye fartsgrensekriteria frå Statens vegvesen (**NA-rundskriv 2018/10 Fartsgrensekriterier**).

Lonsvegen/Juvikstølen er å sjå på som ein samleveg med særskilte anlegg langs veggen (bl.a. fleire skular og 2 barnehagar samt 2 kryssingspunkt til mykje brukt turløype og idrettsanlegg).

I Tabell 1.2: Anbefalte kriterier for samleveg/gater er det forbi skular og barnehagar anbefalt fartsgrenser med 30 eller 40 km/t

Avsnitt 2.3 Kriterier for bruk av fartsgrense 30 km/t seier at:



Fartsgrense 30 km/t skal brukes på følgende strekninger i tettbygd strøk

1. Strekninger ved skoler

Strekninger som ligger ved skoler på en slik måte at et stort antall barn/unge må krysse veien hver gang de skal til eller fra skolen.

Fartsgrense 30 km/t bør brukes på følgende strekninger i tettbygd strøk:

2. Atkomstveger, samleveger og hovedveger

Se tabell 1.1, 1.2 og 1.3.

Vegavdelinga i Lindås kommune vil anbefale at vi i denne omgang set fartsgrensa til 30km/t på heile strekninga Lonsvegen-Juvikstølen mellom E39 og fv57, for å unngå fleire fartsgrenseskifter på strekninga.

Kommunen ynskjer ei rask handsaming av vedtaket, slik at vi kan få skilta på plass før opning av den nye barneskulen.

Det har ikkje kome tilbakemelding på uttalen frå politiet enno, men sender saka slik at den kan handsamast parallelt.

Med helsing

Rune Kilen
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skiltplan Lonsvegen - VISIO Tegning del 1

Skiltplan Lonsvegen - VISIO Tegning del 4

Skiltplan Lonsvegen - VISIO Tegning del 3

Skiltplan Lonsvegen - VISIO Tegning del 2

Uttale til skiltplan Lonsvegen - e-post

Kopi til:

Nordhordland lensmannsdistrikt	Kvernhushaugane 2	5914	ISDALSTØ
--------------------------------	-------------------	------	----------

Nordhordland lensmannsdistrikt

Vest politidistrikt

Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
---------------------	-------------	------	-------

Mottakarar:

Region Vest Statens vegvesen	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
------------------------------	-------------	------	-----------

Region Vest Statens vegvesen	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
------------------------------	-------------	------	-----------